



Kriseord,
s. 28

SPRÅKNYTT

UTGITT AV SPRÅKRÅDET

40. ÅRGANG 3/2012

- Nysgjerrigers språkpris til Skåbu, s. 10
- Språkdagen 2012, s. 12
- Nordisk nettordbok for barn og ungdom, s. 18
- Norsk eller engelsk pensumlitteratur?, s. 22

Språkrådet



Er dokker klare?

Den nye rettskrivingsnormalen for nynorsk, som gjeld frå 1. august i år, er resultatet av ein lang prosess. I år 2000 bad Kulturdepartementet Norsk språkråd gjere greie for om og korleis systemet med klammeformer kunne opphevast. Klammeformer (sideformer) var ein del av rettskrivinga, men dei kunne likevel ikkje nyttast i lærebøker og i statlege tekstar. Til dømes kunne skuleelevar i 2000 skrive både *sola* og *soli* og både *øyre* og *øre*, men *soli* og *øre* var klammeformer og kunne difor ikkje nyttast av lærebokforfattarar og statstilsette.

Ei utgreiing om saka vart lagd fram i 2002, men i 2003 konkluderte Norsk språkråd med at det ikkje ville gå inn for ei rettskriving utan klammeformer. I bokmål vart det annleis: Der vart ein ny normal utan klammeformer godkjend i 2005.

I 2008 la Kulturdepartementet fram Stortingsmelding nr. 35 (2007–2008) *Mål og mening. Ein heilskapleg norsk språkpolitikk*, og som oppfølging av denne meldinga skipa Språkrådet (som i mellomtida hadde avløyst Norsk språkråd) i 2009 ei nemnd

som fekk i oppdrag å lage «ei tydeleg, enkel og stram norm for nynorsk, utan sideformer». Etter ein open prosess la nemnda fram innstillinga si for styret i Språkrådet i april 2011. Styret gjekk inn for innstillinga i mai, og Kulturdepartementet godkjende ho i september same året.

No har vi fått ein nynorsknormal utan klammeformer, men framleis med ein heil del valfridom. Sjølv om dette er den største rettskrivingsreforma for nynorsk på mange tiår, vil dei fleste kunne skrive nynorsk om lag som før. Ei lita, men mykje omtalt endring er at vi no kan skrive *dokker* i staden for *de* og *dykk*. Som dokker ser av tittelen på denne leiaren, driv eg for tida og eksperimenterer med å bruke denne forma. Set dokker gjerne ned og prøv dokker fram i den nye rettskrivinga, dokker òg!

Arvid Munnik Vonen

INNHALD 3/2012

AKTUELT

- 6 Intervjuet
- 10 Verdas første vinnar av Nysgjerrigpers språkpris er ...
- 12 Kom på Språkdagen 2012!
- 17 Språkbrukaren

INNSIKT

- 18 Nordisk nettordbok for barn og ungdom
- 22 Norsk pensumlitteratur på vei ut?
- 25 Terminologi i privat sektor
- 28 Kvifor ikkje berre bruke engelsk?
- 32 Fargerikt fagspråk



Har du eit spørsmål som du vil at vi skal ta opp i denne spalta, kan du sende oss ein e-post. Adressa er: sporsmal@sprakradet.no. Skriv «Lesarspørsmål» i emnefeltet.

Spørsmål: Hva er den språkhistoriske bakgrunnen for verbformen *ere*, som blir brukt i «Vi ere en Nation, vi med» («Smaagutternes Nationalsang» av Henrik Wergeland)?

Svar: Formen *ere* er flertall av *er*. Merk til sammenligning entallsformen *er* lenger ute i Wergelands dikt (fra 1841): «*hvor godt og vakkert Norge er*».

Flertallsbøyning av verb i presens (*vi komme, vi ere*) og preteritum (*vi skrevel*) forsvant gradvis etter midten av 1800-tallet i dansk-norsk.

Det forelå aldri noe vedtak fra Kirkedepartementet om å sløyfe flertallsbøyning av verb, men departementet la skolemannen Jonathan Aars' ordlister til grunn for tidens offisielle rettskrivning. Aars gikk inn for å sløyfe flertallsformene, da de forekom stadig sjeldnere i vanlig språkbruk. I *Et språk i utvikling. Noen hovedlinjer i norsk språkhistorie fra reformasjonen til våre dager* (1978) redegjør Finn-Erik Vinje for utviklingen gjennom Aars' ordlister: I førsteutgaven fra 1866 sier Aars at det ved hans egen skole er vedtatt å ikke bruke flertallsformer av verb. I tredjeutgaven fra 1874 forteller han at det knapt er noen forfatter som bruker flertallsformene konsekvent lenger. I fjerdeutgaven fra 1877 heter det at flertallsformene ikke bør brukes. Og i syvendeutgaven fra 1885 står det at de få restene som var igjen av

flertallsbøyningen, er så utdøende i skriftspråket at det ikke engang er nødvendig å gjenta det urimelige i å holde fast på dem.

Et eksempel på utviklingen finnes i Henrik Ibsens forfatterskap. I debutverket *Catilina* fra 1850 har Ibsen så godt som gjennomført flertallsbøyningen: «*et bedre Fødeland vi ville finde*», «*sælsomt flamme dine Blikke*». I andreutgaven fra 1875 har han så forlatt flertallsmarkeringen helt: «*et nyskabt fædreland vi vil os finde*», «*sælsomt flammer dine blikke*» (sitert etter *Henrik Ibsens skrifter*).

Flertallsbøyning av verb er også noe brukt i norske dialekter i dag, for eksempel i Hallingdal: «*ho er – me era*». Ivar Aasen tok med flertallsbøyning av verb i landsmålet, og vi har et eksempel i Blix-salmen «*No koma Guds englar*». Slik bøyning ble tatt ut av landsmål i 1901. I gammelnorsk hadde alle verb flertallsbøyning, men den har altså gradvis forsvunnet.

Spørsmål: Eg ser i brosjyren dykkar om endringane i nynorsk rettskriving at det no er lov å skriva *dokker* og *dokker* som eit alternativ til *de* og *dykk*. Kan eg då skriva *dåke* og *dåkas*, sidan det er talemålsforma her hos oss?

Svar: Nei, det er ikkje meininga å opne for å skriva dialektformer. Pronomina har svært mange former i dei norske dialektane, og dei nye formene skal representere

mange dialektar. Formene *dokker* – *dokker* – *dokkar* vart tekne inn i norma fordi mange ikkje skil mellom dei forskjellige formene av pronomenet som i *de* – *dykk* – *dykkar*. Kort *å*-lyd skriv vi oftast med *o*, jamfør (*ei*) *dokke*, *sokk*, *vott*, *flott*.

Spørsmål: Hvorfor sier vi *paddeflat*? Padden er ikke flat, den er faktisk ganske ru.

Svar: I *Bokmålsordboka* er *paddeflat* forklart med 'helt flat', i *Nynorsk-ordboka* står i tillegg «krypande, audmjuk». Paddene er jo ikke særlig høye dyr (lavere enn de fleste andre dyr av noenlunde samme størrelse), og de holder seg ned mot bakken når de går og nærmest kreker seg fram. De hopper ikke, slik som froskene gjør. Det ligger en sammenligning i ordet, *flat som ei padde*. Ordet *padde* blir brukt både om dyret og ellers i nedsettende betydning om uheldige språklige uttrykk, om biler av visse typer o.a. (nevnt i *Norsk slangordbok* av Tone Tryti).

Ordet er først og fremst brukt i uttrykket *ligge paddeflat*. Det blir særlig brukt i overført betydning når noen angrer noe de har gjort, eller prøver å være ekstra ydmyke. Det var nærmest et slanguttrykk, iallfall da det ble tatt i bruk. Uttrykket ble registrert i 1957 i *Nyord i norsk 1945–1975*.

Spørsmål: Heter det *sjelsettende*, *skillsettende* eller *skjellsettende*? Når noen bruker dette ordet, høres det ofte ut som om det snakkes om

en *sjel*. Mange uttaler ordet med lang *e*, /*sjeelsettende*/. Jeg ville ha uttalt det med dobbel *l*, /*skjellsettende*/. Har dette noe med et skille å gjøre? (Blå)skjell er vel neppe en del av opprinnelsen. Jeg oppfatter det slik at en skjellsettende opplevelse er en opplevelse som har satt et skille i livet, har åpnet ens øyne for noe annet, et slags vendepunkt.

Svar: Den siste skrivemåten din, *skjellsettende*, er riktig. I *Bokmålsordboka* står det at det første leddet er ordet *skjell* '(grense)linje, skille', som også er brukt i uttrykket *gjøre rett og skjell for seg*. Det samme ordet har vi ellers i *forskjell*. I nynorsk er skrivemåten *skilsetjande*.

Spørsmål: Hvor kommer ordet *fortau* fra, og hva betyr det egentlig?

Svar: Vi har antakelig *fortau* fra dansk *fortov*, der det først betydde 'åpen plass midt i en landsby' og seinere 'jordstrimmel mellom et hus og nabohuset eller mellom et hus og gata'. Opprinnelsen til leddet *-tau* er det norrøne *tá*, som betyr 'tråkk, opptråkket plas'.

Når eit ord er ført opp i denne spalta, tyder det berre at vi har registrert at det er i bruk. Det tyder ikkje at Språkrådet går god for ordet. Dersom vi rår til eller rår frå å bruke eit ord, vil vi nemne det uttrykkjeleg.

dugnadshugnad *Dugnadshugnad. Seks dagar. Seks dugnader. [...] Det begynte med ein provokasjon, ei hypotese frå ein foredragshaldar om at dugnadsånden er synkande. Vi har vore i nabolaget, på leikeplassen, på kyrkjegarden og i idrettsparken. Overalt har vi møtt mange blide og ivrige midtdøler med hugnad for dugnad. Konklusjon: Avblås gravferda. Avbestill bårekransen. Rykta om dugnadens død er sterkt overdrivne.*

Dølen 3.5.2012

flyføning *Badeturister skadet etter flyføning. Sto rett bak jetmotorene da flyet skulle forlate Karibia. Maho Beach er verdensberømt for å ligge tett opp til Princess Juliana-flyplassen på den fransk-nederlandske ferieøya Saint Martin i Det karibiske hav. Bare et gjerde skiller de to helt forskjellige plassene. Til tross for at flyplassen har satt opp et skilt som advarer mot at vinden fra motorene kan være så sterk at den kan føre til skade og mulig død ved starten av rullebane 10, er stranda en populær plass for såkalte fly-tittere.*

Dagbladet.no 9.4.2012

regnbuetog *Blant de titusenvis som gikk i regnbuetoget i Oslo torsdag, var Ole Kristian Hauan og hans lille sønn på ni måneder. – Vemund ble født 13. juli i fjor. Det var en kombinasjon av en enorm glede og en enorm sorg tett på hverandre. Vi gikk i rosetoget med ham 25. juli da han var knapt to uker gammel. Nå har jeg pappapermisjon og anledning til å være med. Det er rett og slett for å vinne over det onde og for å vise sympati og solidaritet.*

NTB 26.4.2012

serveringspedagoger *Vibeke Glaser, førsteamanuensis ved Dronning Mauds Minne, mener mange foreldre sliter med ettergivenhet i oppdragelsen. Hun tror dette har sammenheng med at det er flere foreldre som sjonglerer mellom karriere og familieliv, og som lett får dårlig samvittighet for at de ikke er nok til stede for barnet. – Mange foreldre er blitt «serveringspedagoger» og lar barnet få bestemme både hva som skal handles inn på butikken og ukens middagsmeny, sier Glaser.*

Adresseavisen 5.5.2012

sluse-tv *Forslaga har hagla inn for å finne oppfølgjaren til tv-suksessen frå i fjor, «Hurtigruten minutt for minutt». Valet fall på Telemarkskanalen. – Det er ei reise i eit magisk landskap, frå fjord til fjell. Frå tronge passasjar, gjennom sluser og over opne innsjøar blir det ein variert tur med mykje historie i seg, seier programsjef i NRK Hordaland, Rune Møklebust. [...] – Telemark er samtidig eit Noreg i miniatyr. Dette blir godt sluse-tv.*

Nynorsk Pressekontor 19.4.2012

verkåpner *Andsnes har arbeidet langsamt, og gjør helst det samme repertoaret over tid. Hans første innspillinger var av musikk som hadde vært med ham lenge. Når han i 2011 ble prisbelønnet for sin versjon av Rachmaninovs 3. og 4. klaverkonsert, var tilnærmingen på et vis den samme. Med en dynamisk tilnærming til stykket han har tolket inngående, finner Andsnes nye innganger. Han blir en verkåpner for sitt publikum.*

Aftenposten 2.4.2012



DUDEN – was bedeudet das*

■ TEKST OG FOTO: ERLEND LØNNUM

Kvar femte EU-borgar har tysk som morsmål, og Tyskland er ein viktig handelspartner for Noreg. Likevel studerer stadig færre nordmenn tysk. Christian Janss ved Universitetet i Oslo er like fullt optimist på vegner av tyskfaget: – Behovet for solid tyskkompetanse i næringslivet og samfunnet elles går hand i hand, og det er eit lykketreff.

Det ser altså ikkje heilt mørkt ut for tysken, skal vi tru ein av dei få tysklitteratane ved universitetet i hovudstaden.

– Vi tilfredsstillar mange behov ved å undervise i tysk på skolen og universitetet. Eg merkar med glede aukande inter-

esse og entusiasme blant studentane mine og også i samfunnet elles, ikkje minst i næringslivet, fortel Janss. Arven etter Duden lever altså vidare sjølv om pilene i lang tid har peikt nedover for tysk i norsk skole og høgare utdanning.

– Tyskarane har lenge vist større interesse for oss enn vi har for dei, og dei som kjem hit, er svært flinke og snare til å lære seg norsk. Det synest eg vi bør kunne gjengjelde. Til alt hell er det i ferd med å endre seg, for Tyskland har i dag ein annan status i det norske medvitnet enn før. Forholdet har blitt mindre betent med åra, sidan Tyskland har teke eit grundig oppgjør med fortida, utan å skyve ho under tepet, seier germanisten. – Ved universitetet vonar vi at fleire får auge opp for tyskfaget slik at vi kan utlikne noko av skilnaden. For tyskarar og nordmenn har eit felles mål i kulturell utveksling og økonomisk samarbeid.

Tala talar klart

Nedgangen i tysk har flata ut dei siste åra, både i skolen og ved Universitet i Oslo. Tysk er i dag det tredje største framandspråket i den vidaregåande skolen, etter engelsk, som er soleklart større, og spansk, som ikkje veks like raskt lenger.

Ved Institutt for litteratur, områdestudium og europeiske språk er Christian Janss aleine om å undervise i tysk litteratur. For 10–15 år sidan var det til samanlikning fem tilsette i litteratur ved

det dåverande Germanistisk institutt.

– Eg skulle gjerne hatt eit større tysk-fagleg forskarmiljø rundt meg. Men eg har uansett nok å gjere med 40 studantar og to doktorgradsstipendiatar. Og eg set pris på å samarbeide med kollegaer ved andre fag, forsikrar Janss.

Universitetet i Oslo har vidare éin tilsett i tysk kultur og fire–fem tilsette i tysk språk. Ved dei andre norske universiteta er situasjonen dystrare. Universitetet i Tromsø la nyleg ned mastergradsstudia i tysk og fransk, og for to år sidan blei studietilbodet i tysk, fransk og spansk avvika ved Universitetet i Stavanger. Årsakene er dei same som i fleire land:

sviktande studentrekruttering og dårleg økonomi.

Det er dessutan færre nordmenn enn før som utdannar seg i Tyskland. I dag er det rundt 200 studen-

tar som tek ein heil akademisk grad i Tyskland, og det utgjør berre halvannen prosent av den norske studentmassen i utlandet. For 20 år sidan var det fem gonger så mange.

Kvifor skal ein velje tysk?

– Som så mange foreldre seier eg til tenåringbarna mine: Studer det som interesserer deg! Men då må den unge borgaren faktisk vite kva som er interessant. Og det er ikkje barna si skuld at dei tenkjer som dei gjer, foreldra har ansvaret. Så viss vi foreldre ikkje er entusiastiske til andre språk enn engelsk,

● ● CHRISTIAN JANS

Christian Janss er førsteamanuensis i tyskspråkleg litteratur ved Institutt for litteratur, områdestudium og europeiske språk (ILOS) ved Universitetet i Oslo.

* Konrad Duden (1829–1911) var ein framstående filolog og leksikograf i Tyskland. Han forfatta i 1880 den epokegjerande *Vollständiges Orthographisches Wörterbuch der deutschen Sprache*, som la

grunlaget for ei einskapleg tysk rettskriving og for dei berømte DUDEN-ordbøkene, m.a. *DUDEN – was bedeutet das*.

skal det mykje til at barna blir interesserte nok, trur Janss. – Pedagogar og foreldre må fortelje dei unge at det finst ei spesiell glede her i verda, som er verd

konsekvensar for norsk økonomi. Dei etterlyser difor ei meir målretta satsing på dei tysktalande landa. Universitetet i Oslo prøver å kome næringslivet i

● «Tysk er faktisk eitt av dei få framandspråka nordmenn kan bli perfekte i.» Førsteamanuensis Anneliese Pitz

å trakte etter: den stille meistringsgleda og kjensla av vokster, den som kjem når du har forstått vanskeleg matematikk, tysk grammatikk, eit stykke litteratur eller musikk. Viss vi kan formidle til dei store barna våre eit slikt syn på lærdom, er vi på rett kurs.

Frå i år vil vidaregåande skoleelevar som fordjupar seg i andre framandspråk enn engelsk, få eitt ekstra poeng ved opptak til høgare utdanning.

– Nyordninga kan hjelpe fleire inn i tysken, og lektorar med tysk i fagkrinsen kan vere på veg inn porten igjen. For dei som ønskjer å kombinere praktisk dugleik med intellektuelle utfordringar og fagkunnskap, er tysk eit attraktivt og spennande fag, meiner Janss.

møte ved å gi råd og arrangere seminar, møte og konferansar. I dei siste par åra har NHO og Humanistisk fakultet stått bak fleire felles arrangement for å få merksemd rundt tyskfaget i Noreg.

– Vi har ein felles agenda med næringslivet, så eg er trygg på at samarbeidet mellom NHO og universitetet vil gi oss fleire studentar. Eg vonar òg at NHO og andre aktørar lyser ut stipend til studium i Tyskland og Frankrike – i alle fag! oppmodar Janss.

NHO har lenge ønskt at fleire nordmenn studerer til ingeniør og liknande i Tyskland, sidan handelen med Tyskland aukar. Mellom anna på det tyske satsingsområdet grøn energi søker tyskarane tettare band med norske be-

● «Viss du vil noko i Tyskland, lær deg tysk. Det er uhyre viktig!» Fotballspelaren Kjetil Rekdal

Janss får støtte av Næringslivets Hovedorganisasjon (NHO), som meiner at elevane må kunne fordjupe seg i realfag og ta andre framandspråk enn engelsk, fordi næringslivet treng fleire som meistar både språk og andre fag.

Næringslivet er bekymra

NHO, Handelshøgskolen BI og Norsk-Tysk Handelskammer melder at den låge interessa for tysk kan få alvorlege

drifter, og då kjem ein til kort med berre engelsk. NHO kjenner til mange døme på føretak som har mista kontraktar fordi dei tilsette ikkje er fortrulege med dei kulturelle kodane. Eller som ein tysk næringslivsleiar sa det: «Eg kan knapt hugse ei vellykka avslutning av eit møte som blei halde på engelsk.»

– Engelsk fungerer nok godt som arbeidsspråk for begge partar i dei større internasjonale bedriftene, men i mindre

bedrifter er det heilt nødvendig å kunne tysk, til dømes når tekniske spesialistar frå tyske bedrifter kjem for å løyse problem med utstyr dei har levert til Noreg.

sjølvransakinga, samtidig som dei øver seg i å bli glad i sitt eige land, fortel Janss.

«Å ikkje kunne framandspråk er som å bu i eit hus utan vindauge.» Forfattaren Roy Jacobsen

Meir samkvem aukar i det heile behovet for presis kommunikasjon, understrekar Janss.

Tyskland–Noreg 1–1

Tyskarane har fått fornya sjølvtilitt dei siste åra. Det kunne ein særleg sjå under fotball-VM i 2006, då det tyske flagget vaia i medvind og vertskapet song nasjonalhymna av full hals, slik andre land viser idrettskjensler. Det multikulturelle landslaget, som har spelarar med

Das Land der Dichter und der Denker Tyskland og Noreg har knytt tette band frå hansatida og fram til i dag. Det er umogleg å tenkje seg utdanning av norske akademikarar, ingeniørar og legar for femti og hundre år sidan utan tysk påverknad. Og det er vanskeleg å sjå for seg kunstnarar som Ibsen, Grieg og Munch utan tysk inspirasjon og eit vake tysk publikum. I Noreg har dessutan den rike tyske litteraturen og filosofi-historia alltid spela ei sentral rolle. Tenk

«Wer fremde Sprachen nicht kennt, weiß nichts von seiner eigenen.» Johann Wolfgang von Goethe

bakgrunn også frå Brasil, Ghana, Polen og Tyrkia, blei symbol på ei brytingstid.

– Mange tyskarar er stoltare over sin eigen nasjon og kultur no som vi og dei har fått den skamfulle krigen og assosiasjonane til høgrøysta nazileiarar meir på avstand. Nasjonalkjensla har lenge hatt noko trykkjande og leitt ved seg, men no kan tyskarane endeleg sjå på seg sjølv med friskare auge. Det opplever ein mellom anna gjennom gleda dei viser over landslaget i fotball. Samstundes kjem dei alltid til å sjå seg sjølv og denne forma for nasjonalisme også med kritiske auge. Dei har måtta finne balansen mellom det å respektere minnet om jødeutryddinga og det å bevare

berre på forfattarar som Goethe og Brecht og tenkjarar som Kant og Nietzsche.

– Vi må halde kultursambandet levande, for språket er berar av kulturen og tenkjemåten. Det forklarar noko om oss sjølv og om banda våre til kontinentet, slår Janss fast.

– Dårlege språkkunnskapar reflekterer eit lågt kulturelt nivå, for å seie det litt brutalt. Ein får sjølv sagt ikkje eit fullgodt bilete av Tyskland ved å lese berre Kafka. Samtidig er det umogleg å tenkje seg tysk kultur utan Kafka og andre store forfattarnamn!

Verdas første vinnar av Nysgjerrigpers språkpris er ...

■ NINA TEIGLAND

I år har fleire enn 100 skoleklasser konkurrert om kven som har forska best i Årets Nysgjerriger, som er ein årleg konkurranse Noregs forskingsråd utlyser for elevar i barneskulen. I konkurransen blir barna kjende med bruk av vitskapelege metodar når dei arbeider som forskarar.

Nytt i 2012 var at ein kunne vinne Nysgjerrigpers språkpris, ein spesialpris som blir delt ut av Språkrådet. Dei aller skarpaste språkforskarane i 2012 var elevane på 1.-7. årssteg ved Skåbu oppvekst i Nord-Fron kommune. Skåbu-

elevane fekk den nye spesialprisen for prosjektet «Kåffår ha Skåbu-dialekta forandra sé?». Juryen roser dei for ein ryddig rapport der problemstillinga og hypotesane heng godt saman.

Direktøren i Språkrådet heldt tale og delte ut premiar til stolte vinnarar.



Bege bileta: Svein Arne Orvik



Årsaker til dialektendring

Elevane hadde observert at færre barn og unge enn før snakkar tradisjonell dialekt i Skåbu, og ville undersøkje dette. Dei testa i kor stor grad folk i ulike aldersgrupper bruker daglegdage dialektord, og fann ut at jo yngre folk i Skåbu er, desto mindre tradisjonell dialekt bruker dei. Elevane hadde ulike hypotesar om kvifor det er slik, og dei fann blant anna ut at tilflytting og påverknad frå radio og tv kan vere noko av grunnen.

Juryen seier at prosjektet er eit godt gjennomført talemålsprosjekt: «Dei unge forskarane [...] har teke for seg ulike hypotesar om kvifor talemålet i bygda er i endring. Elevane har gått systematisk til verks for å teste ut hypotesane, og dei har funne ut at det er fleire årsaker til at dialekten i bygda har endra seg. Prosjektet viser tydeleg at årsakene til talemålsendringar er samansette.»

Premiar og feiring

I juni var det høgtideleg premieoverrekking i Skåbu med ordførar, rektor og språkdirektør til stades. Elevane fekk ein kjempesjekk på 5000 kroner for forskinga si, og kvar og ein fekk diplom. I tillegg fekk dei Nysgjerrigper-bøker, T-skjorter, jakkemerke og berenett. Etterpå var det fest med bollar og brus, både for stolte elevar og lærarar.

Vi oppmodar alle lærarar om å bli med og kjempe om prisen neste år. Les meir på nettstaden vår.

Språkrådet gratulerer dei første vinnarane av Nysgjerrigpers språkpris og ser fram til eit nytt skuleår fullt av språkforsking!

.....

Nina Teigland er rådgjevar i Språkrådet.

Elevane fekk ein kjempesjekk i premie!

Kom på Språkdagen 2012!

Vigdís Finnbogadóttir held hovudinnleiing om språkleg og kulturelt mangfald med særleg blick på norsk språk under Språkdagen 2012. Språkrådet arrangerer Språkdagen i Konserthuset i Oslo 13. november.

Språkdagen ser på tospråksituasjonen i Noreg, først i eit internasjonalt perspektiv, og så gjennom ei undersøking om korleis ein slik språksituasjon verkar på språkinnlæringa. Det blir òg ei innleiing om danning i norskfaget og norsk språk i bruk.

Språkrådet har i 2012 undersøkt korleis det blir arbeidd med språket i

staten: Kven gjer kva og korleis, og kva haldningar har leiarar og tilsette i staten til arbeidet med språk? Resultata frå undersøkinga blir presenterte på Språkdagen. Det blir ògså debatt om sidemålet.

I 2012 feirar vi to jubileum: Det er 200 år sidan eventyrsamlaren P.C. Asbjørnsen og språkforskaren Knud Knudsen blei fødde. Språkdagen vil markere dei begge med ulike innslag av Edvard Hoem og Arne Torp.

Dagen blir avslutta med utdeling av Språkprisen 2012. Sjå nettsidene til Språkrådet for program og påmelding.

Foto: Vigdís Finnbogadóttir-instituttet



«Viss morsmålet ditt forsvinn, vil barnebarna og oldebarna dine gløyme deg, fordi dei ikkje lenger kan lese det du har skrive. Det er eit argument som ingen greier å stå imot.»

Vigdís Finnbogadóttir

En mer forståelig grunnlov

Språkrådet har i sommer vært med i den arbeidsgruppa som skal lage språklig oppdaterte versjoner av Grunnloven på bokmål og nynorsk. Stortingets presidentskap har oppnevnt gruppa, som

har skrevet utkast til og rapport om de nye grunnlovstekstene. Arbeidet blir nærmere omtalt i neste nummer av Språknytt.

Bli kjend med den nye rettskrivinga


Nynorsk fekk ny rettskriving 1. august i år. Slik kan du setje deg inn i kva som no er rett nynorsk:

- **Nytt nettkurs i nynorsk:** På nettstaden til Språkrådet ligg eit nytt kurs i nynorsk, i tillegg til to øvingsrom, eitt for skuleelevar og eitt for offentleg tilsette. Også andre vil ha nytte av kurset og øvingane.
- **Kurs i ny rettskriving:** Språkrådet held kurs i den nye rettskrivinga, både for grupper av lærarar og offentleg tilsette og for andre interesserte.
- **Oppdatert ordbok:** Nettutgåva av *Nynorskordboka* har no oppdatert rettskriving i oppslagsord og bøyingar, og innhaldet er presentert betre enn før. Du kan søkje i ordboka frå nettstaden vår.
- **Innføringsbrosjyre:** Brosjyren *Ny nynorskrettskriving frå 2012* forklarar hovuddraga i den nye rettskrivinga



med mange eksempel. Du kan laste ned brosjyren frå nettstaden vår.

På www.sprakradet.no finn du meir informasjon om innhaldet i rettskrivingsreforma. Sjå òg artikkelen «Nynorsknorma – slik blir ho» i Språknytt 3/2011.



Ny språkpolitisk statusrapport

Skepsisen til reklame på engelsk aukar, men generelt er norsk språk framleis under sterkt press frå engelsk. Nynorsk styrkjer stillinga si i tv-tilbodet frå NRK til barn og unge og i Wikipedia, men vert svekt på andre viktige bruksområde. Det kjem fram i rapporten Språkstatus 2012, som Språkrådet la fram i juni.

Det språkpolitiske ansvaret til Språkrådet gjeld no òg teiknspråk, og i år har Språkstatus for første gong brei omtale av situasjonen for norsk teiknspråk.

Språkstatus 2012 viser mellom anna at det ofte er personar med mangelfull kompetanse om teiknspråk som vurderer om barn skal få rett til opplæring i og på teiknspråk. Det kjem òg fram at det trengst betre ordbøker for romani og kvensk.

Kvart fjerde år skal Kulturdepartementet leggja fram for Stortinget ei melding om språk, som skal byggja på dei årlege statusrapportane frå Språkrådet.

Hvis!

■ LARS BRINK

I det ellers så udmærkede Språknytt 1/2012 indsneg der sig en lille fejl på side 4, idet der dér stod, at ordet *hvis* aldrig har haft nogen *h*-udtale i dansk. Her kommer historien.

I 1400-tallet lånte dansk det middelnedertyske *wes* (i dansk altid stavet med *h*-), der var genitiv af det spørgende pronomen *wat* 'hvad'. Det var etymologisk identisk med oldnordisk *hwess*, der stadig findes i dansk i formen *hvis*: «Hvis er den bil?» Det nedertyske *wes* og ekkoet heraf i dansk: *hves/hvis*, kunne bruges som en slags artens genitiv og betød da 'hvad': «De må ikke sælge mere, end hvis i deres boder søger.»

klassiske jyske dialekter, der generelt har bevaret *h*- foran *v*-lyd (i *hvede*, *hvid* osv.), nemlig overalt nord for linjen Kolding–Esbjerg. Her siges [hwes, hwis]. Hvorfor dog indsætte et *h*-? Fordi ordet, inden det fik betydningen 'dersom', jo var et spørgeord, og alle spørgeord i dansk begynder med *hv*. Men i virkeligheden er *h* slet ikke «indsat». Eftersom ordet aldrig i dansk er skrevet uden *h*, er der ingen tvivl om, at det reelt var et *betyd-*

● «Eftersom *hvis* aldrig er skrevet uden *h* i dansk, er der ingen tvivl om, at det reelt var et *betydningslån*.»

Betydningen 'hvad' bliver gammel-dags i løbet af 1700-tallet, men ordet dør ikke, for allerede i 1400-tallet havde det fået sin nye, blivende, særdanske betydning: 'hvis, dersom' (konj.). (Ældste belæg: 1445).

Det gik til på den måde, at *hvis* 'hvad' i nuancen 'hvad som helst' blev opfattet (misforstået), som om det betød 'dersom': «Du må drikke hvis du behøver.» / «Du skal adlyde ham i alt hvis han påbyder dig.»

Betydningslån

Det *h*, ordet i dansk altid har været forsynet med, blev udtalt. Det ved vi fra dé

ningslån. De kredse, der indlånte det, var så fortrolige med nedertysk, at de indså, at ordet slet og ret var «identisk» med arveordet *hwess* (pron.) (nty. *wat-wes* ~ dansk *hvad-hves*). De gav så arveordet en ny betydning efter nedertysk forbillede, nemlig 'hvad'.

I netop dette tilfælde lå der næppe snobberi bag; der er snarere tale om, at låntagerne ikke evnede at holde de to sprog adskilt på dette punkt.

.....
Lars Brink er tidligere professor i dansk sprog og litteratur ved Islands Universitet i Reykjavik.

I denne spalta tek vi opp stort og smått om forholdet mellom norske ord og importord, først og fremst engelske.

ÅTAK OG FORSVAR

Utviklinga av ny teknologi og handel over landegrensene fører med seg mykje godt, men denne gongen skal vi ta for oss nokre nye tilbod vi nok kunne ha greidd oss utan. Vi ser òg på ein ny type forsvar vi kan trenga meir av i framtida.

Det er ikkje skjønt alt som skimrar

Dei siste åra har vi kunna lesa åtvaringar mot *skimming* i avisene, men kva er det da det er tale om, og korleis skal ordet uttalast? Vi meiner *skimming* fungerer dårleg på norsk både fordi det ikkje seier noko særleg om kva det er tale om, og fordi skrivemåten kan innby til å setja ordet i samband med ord som *skimmer* og *skimra*, som gjeld noko heilt anna. Det engelske verbet *skim* betyr oftast 'skumma', som i *skumma mjølk*. Men i dei siste åra har det engelske verbet òg blitt bruka om ein type *kortsvindel*. Det som da blir skumma av, er informasjonen i betalingskort. Sidan det handlar om å kopiera eller skaffa seg avtrykk av kortet, har vi sansen for dei greitt forklarande omgrepa *kortkopiering* eller *kortkloning*.

Phishing i Valdres?

Ein annan måte å bli kvitt pengane sine på kan vera å gi frå seg viktig informasjon på ei nettside eller ved å opna lenker som i røynda fører til at informasjon på maskinen kan lesast av andre. På engelsk blir dette kalla *fishing*, eller i sjargong: *phishing*. Vi synest dette beint fram kan kallast *fisking* på norsk,

men det kan òg presiserast som *nett-fiske*.

Eit forsvar for kyberpøenken?

Det er høgst naturleg at Forsvaret vil utvikla seg til å kunna forsvara landet mot dataåtak. Kva kallar vi denne typen forsvar? Sjølv har Forsvaret begynt å bruka eit namn som er blitt kjøleg motteke i Språkrådet: *Cyberforsvaret*. Innvendingane våre knyter seg sjølvsagt til leddet *cyber-*, som i tillegg til å vera engelsk for *kyber-* ikkje er spesielt klart og informativt og kanskje til og med verkar avleggs.

Når vi høyrer *cyber-*, er det nok somme av oss som særleg tenkjer på *cyber-space*, som tidlegare først og fremst blei bruka som ein metafor for Internett. Men etter det vi kan skjønna frå omtalen av denne nye delen av Forsvaret, gjeld det meir enn Internett.

Cyber-/kyber- har elles blitt erstatta av forledd som *nett-*, når det er tale om Internett, men særleg av *e-* når det er tale om det som i vidare forstand har med elektroniske data å gjera. I denne samanhengen kunne det passa vel så godt å tala om *informasjonsforsvar*, eller rett og slett *dataforsvar*.

.....
Daniel G. Ims er rådgjevar i Språkrådet.

– *NYINNFLYTTEDE FINSKE* Ali Ylikoski (10) har publisert nesten tusen Wikipedia-artikler på samisk i løpet av et år. [...]

Selv om faren er språkforsker og underviser elever i en høyskole, så har sønnen blitt så flink at noen ganger får han [faren] hjelp fra han.

– Jeg bruker ikke å hjelpe han med å skrive de samiske artiklene, men jeg har lært han samisk rettskriving i fjor. Nå hender det at jeg må spørre [om] hjelp fra han, sier Jussi Ylikoski.

Frå artikkel på nrk.no

– *DENNE VEKA GJEKK HAN UT* av Stord ungdomsskule som ein av dei beste. [...]

– For halvtanna år sidan kunne han ikkje eitt ord norsk. No har han til og med fått seks i norsk munnleg, seier lærar Britt Kristin Ladehaug. [...]

Det tok ikkje lang tid før guten fekk gode vener i klassen ved Stord ungdomsskule, spelte på det lokale fotballaget og plukka opp dei første norske orda. [...] Rektor John Karsten Raunholm har ikkje opplevd liknande.

– Det å koma som framandspråkleg, læra norsk og ta til seg kompetanse i alle teorifag på så kort tid, er heilt utruleg. Han har ein eigen evne til å reflektera og sjå ting i samanheng og har tilpassa seg på rekordtid, seier Raunholm.

Wario sjølv har oppskrifta. – Det handler om å vera med vener på skulen og i fritida, spela fotball og sjå norsk TV, seier han på klingande stordamål.

Frå artikkel i Bergens Tidende om Wario Waqo Wario (16), som kom frå Sør-Etiopia til Noreg i oktober 2010

– *SPRÅKET MITT FORTEL* om kven eg er, kvar eg kjem frå. I Bergen er eg harding, i Oslo vestlending, i Danmark norsk og utanfor Europa europear. Dels ein bakgrunn eg ikkje kan fornekte, dels ein bakgrunn eg vil halde fast ved.

Ingen nynorskbrukar som på eit eller anna tidspunk kjem til ein stad der bokmålet dominerer, slepp unna dette spørsmålet om han/ho framleis vil skrive nynorsk. Når eg brukar nynorsk i arbeid, veit eg at eg skil meg ut.

Arne Apold i debattinnlegg i Bergens Tidende

– *DET AT DET BLIR GITT UT* et Pondusalbum i fire dialektversjoner er et tydelig bevis på at vi nordmenn verdsetter dialektmangfoldet vårt [...].

Teksten i boble-ene er skrevet svært lydnært, blant annet har han kuttet ut alle stumme konsonanter, slik folk flest gjerne dels gjør når de skriver dialekt.

– Vi har dratt det enda et hakk lenger, sier Vangsnes til NTB og fastslår at oversetterjobben var for morsom til å si nei til. Selv om den egentlig strider en smule med hans kjepphest om at dialektbruk ikke er ensbetydende med humor, slik det lett blir.

– Dette er bare humor, men det får gå for denne gang! ler han.

Forskar Øystein A. Vangsnes ved Universitetet i Tromsø, til NTB





Visuell rikdom eller språkleg latskap?

Eit smilefjes i rett tid kan vere både hyggeleg og klargjerande. Men eg har hatt ei førestelling om at seriøse e-postar og vanlege tekstar ikkje inneheld emotikon ('avbilding av kjensler'), slik som :). Sjølv om eg har vakse opp med MSN og mobiltelefon, blei eg overraska den gongen eg fekk eit smilefjes til svar i ein sakleg, jobbrelatert e-post frå ein person eg ikkje kjenner.

Når eg kjenner trongen til å putte inn eit smilefjes, har eg i seriøse settingar tvinga meg sjølv til å tenkje grundigare gjennom kva eg har skrive, og prøvd å bruke språket til å få fram glede og munterheit. Eg har tenkt at språket må kunne vere sterkt nok i seg sjølv, og at smilefjes lett blir ein feig snarveg.

Det finst mange typar tekstar på nettet der det er vanleg å bruke emotikon og lydord: private meldingar, diskusjonsinnlegg og bloggar. Bruken kan vere effektiv og hindre misoppfatningar. For å unngå å verke sur kan eit smil :) gjere orda hyggelegare. Eit raskt søk på nettet viser at emotikon ikkje er ein ny ting. På Wikipedia blir det spekulert på om Abraham Lincoln brukte eit emotikon i ein tale skriven i 1862. I 1881 trykte det satiriske magasinet Puck typografiske emotikon. På den tida vart ikona brukt til uformell og humoristisk skrivning.

Emotikon kan gjere kommunikasjonen rikare og meir personleg. Skriftspråket kan nærme seg talespråket ved å ta inn mimikk og dialekt i teksten. Men det kan òg føre til latskap, slik alle typar språklege klisjear kan. Alt kjem an på kva eg ønskjer å formidle, og kven eg kommuniserer med. Kommunikasjon er spanande. Ein må heile tida bruke ulike verkemiddel for å få fram meininga på best mogleg måte, i ulike medium, til ulike personar, i ulike settingar. Ein student som vart intervjuva av Magasinet, sa at han ikkje skriv smilefjes i meldingar til framande eller folk som har ein profesjonell relasjon til han, for han ønskjer å bli oppfatta som sakleg. Det vil alltid vere viktig å tilpasse verkemidla etter den typen tekst ein skriv.

Kan smilefjes og SMS-språk bli vanleg i skjønnlitterære tekstar? Kven veit? Men eg liker den utfordringa det er å leite i språket for å finne dei rette formuleringane. Er utropt tydeleg til stades i orda, kan det vere like fint å avslutte setninga med eit punktum som med eit utropsteikn. Dersom ein berre skulle ta inn det visuelle, kunne nyansane i språket bli redusert. Det finst ein stor rikdom i reine ord òg. Ord kan male i tankane til lesaren, spele på assosiasjonar og fylle store tankelerret med bilete.



Nordisk nettordbok for barn og ungdom

■ TORBJØRG BREIVIK

Nordisk miniordbok vil være en nettressurs i nabospråksundervisninga i de skandinaviske skolene. Brukerne kan søke fra eget språk og velge om de vil se hva et ord heter på ett eller flere av de tre basisspråkene dansk, norsk (bokmål og nynorsk) og svensk. Ordboka skal inneholde et grunnleggende ordforråd med tillegg av hverdagsord for målgruppa, barn fra rundt tolv år og oppover. Det skal bli mulig både å lese og lytte til oppslagsordet, og boka vil kunne brukes på flere plattformer.

Gjennom Nordisk språkkampanje 2011 understreker Nordisk ministerråd at det ønsker å synliggjøre nordiske språk og nordisk kultur med fokus på språkforståelse. Ministerrådet ønsker at barn og unge skal bli oppmerksomme på fordelene med nordisk språkforståelse, og det støtter prosjekter og tiltak som kan gi lærere redskaper til å nå dette målet. Samarbeidsministrene som vedtok å sette i gang den nordiske språkkampanjen, uttalte at de tok sikte på å «gi de unge lyst til å lære de skandinaviske språkene fordi det åpner en helt ny verden for dem».

Hvorfor ordbok for barn og ungdom?

Undersøkelsen «Håller språket ihop Norden?» av Lars-Olof Delsing og Katarina Lundin Åkesson (København 2005) vitner om at det står dårlig til med ungdommers nabospråksforståelse i Skandinavia. Men undersøkelsen viser også at de ungdommene som en antar har mest kontakt med nabolandene, forstår litt mer enn de som ikke har slik kontakt.

I Danmark, Norge og Sverige er nordiske forhold og nabospråksforståelse en del av læreplanene for grunnskolen. Fra elevene er elleve–tolv år, skal de bli kjent med nabospråkene. Kravene til lesing og forståelse øker med klassetrinnene, og norske elever i videregående skole skal kunne gjøre rede for nordisk språkpolitikk – intet mindre. Noen av oss som arbeider med nabospråksforståelse i Skandinavia, fant ut at vi kunne senke ambisjonsnivået litt og se på hva dagens ungdom bruker av hjelpemidler i skolearbeidet. Dermed var ideen om en nettbasert ordbok født.

En undersøkelse som Språkrådet i Norge gjennomførte høsten 2010 blant norsklærere i ungdomsskolen og den

videregående skolen, viser at kompetansen i nabospråksundervisning varierer. Holdningene til emnet er ofte negative hos dem som har dårligst kompetanse i det (jf. www.sprakradet.no).

Innholdet i ordboka

Oppslagsordene i ordboka er fra basisordforrådet og fra emneområder som vi antar at barn og ungdom er opptatt av. Ordene får korte forklaringer eller

Nordisk miniordbok (www.nordord.org) er et samarbeidsprosjekt mellom språknemndene i Norden.

Prosjektgruppen består av én person fra hvert av de skandinaviske landene: Pia Jarvad, hovedredaktør med ansvar for det danske innholdet, Birgitta Lindgren, redaktør med ansvar for det svenske innholdet, og Torbjørg Breivik, prosjektleder og redaktør med ansvar for innholdet på bokmål og nynorsk.

Prosjektet har fått midler fra Nordpluss språk, Nordisk kulturfond, den nordiske språkkampanjen, noen av de nordiske språknemndene og nettverket for språknemndene.

eksempler på hvordan de brukes, og forklaringene skrives etter co-build-systemet, som innebærer at oppslagsordet gjentas i den forklaringen som følger. Nettordboka skiller seg fra andre ordbøker ved at alle oppslagordene og forklaringene blir lest inn. Brukerne kan da lytte til uttalen og forklaringen av ordet samtidig som de leser på skjermen. Ordene og forklaringene er lest inn på dansk, norsk (bokmål og nynorsk) og svensk. Brukere med grøn-

landsk, islandsk, færøysk, finsk og samisk (nordsamisk) som morsmål vil også kunne søke i ordboka og få forklaringer på sitt eget språk, men de får ikke oppløsing på morsmålet.

Det byr på utfordringer å innpasse og forklare ord som bare finnes i ett eller to av språkene, og som mangler i det tredje. Hva heter for eksempel *bestefar* (da. *bedstefar*) på svensk? Ulike ord

- «Vi må gi de unge lyst til å lære de skandinaviske språkene fordi det åpner en helt ny verden for dem.»

Basisordforrådet er ikke nødvendigvis forskjellig i dansk, norsk og svensk. Det finnes flust av fellesord som skiller seg lite fra hverandre i skrivemåte, men som har ulik bøyning og noen ganger også ulik betydning. I undervisninga er det viktig å se både på likheter og ulikheter mellom språkene. Vi har lagt vekt på å få med en del faste ord og vendinger og ord fra temaområder som samfunnsliv, kultur, skolehverdag, fritid, natur, slang og medie verden. Barnelitteraturen har for eksempel ulike tradisjoner for oversettelse av fiktive navn, og et utvalg av dem er med, slik som Donald Duck, Peter Pan, Spiderman og Harry Potter. De vanligste falske ven-

med samme referanse er noe enklere, som *amt* (da.), *fylke* (no.) og *län* (sv.) / *løbehjul* (da.), *sparkesykkel* (no.) og *sparkcykel* (sv.) / *agern* (da.), *eikenøtt* (no.) og *ekollon* (sv.). Mange ord er (nesten) like og har samme referanse: *adresse*, *bord*, *stol*, *skole*. På grunn av kostnadene med innlesingen har vi måttet lage korte forklaringer, og det byr på utfordringer for redaksjonen som skal formulere dem. Jo lengre en forklaring er, jo lengre tid bruker vi i studio, og jo dyrere blir prosjektet.

Ord som har med kultur og religion å gjøre, krever en særlig gjennomgang. Velger vi å ha med *biskop* og *prest*, må vi også ha med tilsvarende titler eller

- «I Danmark, Norge og Sverige er nordiske forhold og nabospråksforståelse en del av læreplanene for grunnskolen.»

nene er selvsagt også med. For en norsk ungdom betyr *rolig* 'stille', mens en svenske vil oppfatte det som 'moro'. *Artig* betyr 'høflig' på dansk, mens det på norsk betyr 'gøy'. Et *marsvin* på norsk er utlukkende et lite kjæledyr, mens det for en dansk ungdom er navnet både på et kjæledyr og på en liten hval (*nise* på norsk). Utvalget er likevel lite, og vi har ikke kunnet dekke alt vi kunne ha ønsket oss.

posisjoner i de større religionene som nå er representert i våre respektive land. Ord og uttrykk som gjelder skolehverdagen, må være riktige og gjenspeile dagens ordbruk. Et eksempel er *gymnasium*, som har gått ut av bruk i Norge, men som fortsatt finnes i Sverige og Danmark.

Opplysninger om enkeltord

Brukerne vil bare få se selve ordet og forklaringen på det. I basen vil det i tillegg ligge opplysninger om ordklasse og bøyning. Vi legger inn hovedformene og de vanligste alternativene til bøyning, om det finnes noen. For norsk finnes det både på bokmål og nynorsk alternative skrivemåter og bøyningsformer for mange ord, og her er det gjort et skjønnsomt utvalg. Disse opplysningene legger vi inn av hensyn til søkemulighetene. Hvis brukerne søker på en bøyingsform fordi de ikke kjenner

registrert, og redaksjonen vil med jevne mellomrom vurdere om den skal legge inn flere ord. Vi ser også for oss en funksjon der brukerne melder fra om ord de savner.

I den opprinnelige planen hadde den med et tredje trinn med utvikling av egne undervisningsopplegg knyttet til ordboka og tips for lærere om måter å bruke ordboka på både i morsmålsundervisningen og i andre fag, blant annet når temaet er skole, politisk styresett, nordisk natur osv. Dette blir nå langt på veg dekket av at ordboka blir



- «For en norsk ungdom betyr *rolig* 'stille', mens en svenske vil oppfatte det som 'moro'. *Artig* betyr 'høflig' på dansk, mens det på norsk betyr 'gøy'.»

grunnformen, skal de få treff på søket sitt, men de vil få fram grunnformen av oppslagsordet med forklaring. Denne løsningen gir større fleksibilitet og øker bruksmulighetene for ordboka. Om noen seinere skulle ønske å utvide ordboka slik at det også blir aktuelt å vise brukerne bøyingsformer og ordklasse, ligger informasjonen klar.

Trinnvis utvikling

I første fase av prosjektet lages innholdet på dansk, norsk (bokmål og nynorsk) og svensk, som utgjør kjernen i ordboka. I fase to blir oppslagsordene og forklaringene oversatt til de øvrige nordiske språkene. Det vil være en hjelp for brukere som ikke har dansk, norsk eller svensk som sitt førstespråk, og som ønsker å vite hva et dansk, norsk eller svensk ord betyr, og hvordan det høres ut. Databasene er tilrettelagt for utbygging til en fullstendig mangespråklig ordbok om det skulle bli aktuelt. Antall søk og hvilke ord det søkes på, vil bli

en del av det større prosjektet Norden i skolen, som er et nettsted for elever og lærere beregnet på undervisning, samarbeid og språkforståelse. Ordboka blir her en av mange gode ressurser.

Vi håper at det en gang i framtida skal bli mulig å legge inn bilder og illustrasjoner koplet til ord og uttrykk for å hjelpe på forståelsen. Vi ønsket å ha visuelle uttrykk med i første fase, men det er kostbart og av den grunn utsatt. En løsning å la Wikipedia, der brukerne selv bidrar til utvikling av ordboka, er tenkelig, men det vil kreve en redaksjon som vurderer forslag som kommer inn, leser korrektur og tilpasser dem til formatet i basen.

.....

Torbjørn Breivik er seniorrådgiver i Språkrådet og sekretær i fagråd for skole og offentlig forvaltning.

Norsk pensum- litteratur på vei ut?

■ ANDERS BOGEN

Norsk språk er under press fra engelsk. Det kommer også til uttrykk når utdanningsinstitusjoner i Norge velger pensumlitteratur.

Det engelske språkets posisjon styrkes stadig på mange samfunnsområder i Norge. Det er en naturlig utvikling i et samfunn som blir mer og mer internasjonalsert og globalisert, og på mange måter en både ønsket og nødvendig utvikling. Samtidig er det positive og negative sider ved dette. Økt bruk av engelsk vil i mange tilfeller gå på bekostning av norsk, og det kan i lengden føre til et fattigere norsk språk.

Akademia er det domenet som sann-

forett en spørreundersøkelse blant de kursansvarlige. Universitets- og høyskolerådet og den språkpolitiske stortingsmeldingen *Mål og mening* anbefaler at pensumlitteraturen først og fremst skal være på norsk i første del av studieforløpet. Et av hovedmålene med oppgaven har vært å undersøke i hvilken grad denne anbefalingen samsvarer med realiteten ved de utdanningsinstitusjonene og studiene som jeg hadde valgt ut.

● «Akademia er det domenet som sannsynligvis er under
● hardest press, og der faren for domenetap er størst.»

synligvis er under hardest press, ved siden av arbeids- og næringslivet, og der faren for domenetap er størst. I masteroppgaven min har jeg undersøkt den mest sentrale delen av utdanningsinstitusjonenes formidling av fagstoff, nemlig pensumlitteraturen, og ulike aspekter ved den. Her presenteres og kommenteres de viktigste funnene.

Fordeling av språk i pensum

Jeg har sammenlignet bruken av norsk pensumlitteratur på to fagområder i grunnutdanningene ved seks norske utdanningsinstitusjoner. I tillegg har jeg

Ser man på gjennomsnittsfordelingen av språket i pensumlitteraturen, er et viktig funn at norsk fremdeles opprettholder sin posisjon som hovedspråk i første studieår: 74 prosent av pensumlitteraturen er norskspråklig, og de resterende 26 prosentene er engelskspråklig. Undersøkelsen er for snever til at man kan generalisere, men med støtte fra de ferskeste pensumspråkundersøkelsene ved NIFU (Nordisk institutt for studier av innovasjon, forskning og utdanning), som gir omtrent de samme resultatene, kan man slå fast at mine funn med stor sannsynlighet ikke er

langt unna de faktiske forholdene. Slik sett er det rimelig å tro at anbefalingen blir fulgt opp ved norske utdanningsinstitusjoner.

Sammenligner man mine funn med tidligere pensumundersøkelser på grunnnivå, viser det seg, overraskende nok, at den norske pensumlitteraturen ikke taper terreng for den engelske, snarere tvert om. Den pensumlitteraturen som derimot har tappt terreng, er annen skandinaviskspråklig litteratur, som knapt blir brukt i det hele tatt. Med andre ord: Påstanden om at det stadig brukes mer engelskspråklig pensumlitteratur på grunnnivå, som de siste tyve års pensumundersøkelser er basert på, synes ikke å stemme med realiteten. Det er likevel all grunn til fortsatt å være på vakt og ikke la det bli en hvilepute.

Språkpolitikken gir utslag

Selv om min undersøkelse viser at norsk fremdeles opprettholder sin posisjon som det ledende pensumspråket, vel å merke på grunnnivå, var det overraskende stor variasjon i fordelingen mellom norsk og engelsk ved de undersøkte utdanningsinstitusjonene. Spesielt i studiet økonomi og administrasjon, som i utgangspunktet er svært standardisert det første studieåret, var forskjellene bemerkelsesverdig store. Her varierer andelen engelskspråklig pensumlitteratur fra knappe to prosent ved Høgskolen i Telemark til i overkant av 40 prosent ved Norges Handelshøgskole. Det er dessuten overraskende at de to utdanningsinstitusjonene som har utarbeidet en egen språkpolitikk, Norges Handelshøgskole og Universitetet i Oslo, anvender



Foto: Berit Roald / Scappix

mest engelskspråklig pensumlitteratur. Man skulle tro at det å utarbeide en egen språkpolitikk førte til økt bevissthet om temaet, og at man derfor kunne ventet en høyere prosentandel norsk ved disse institusjonene enn hos dem som ikke har en slik intern språkpolitikk. På den annen side er institusjonene to av Norges mest internasjonale studiesteder, og det gjør det naturlig at engelsk har en sterkere posisjon enn ved mer lokalt og regionalt forankrede institusjoner.

stadig færre lærebøker blir skrevet på norsk. Det skyldes blant annet at det er lite prestisje knyttet til å skrive lærebøker. Ikke blir man rik av det, og ikke er det akademisk meritterende. Hvorfor skal man da bruke tid på slikt? Forlags-sjef Svein Skarheim i Universitetsforlaget har uttalt seg slik om utviklingen: «Det har aldri vært enkelt å få forskere til å skrive lærebøker på norsk. Men nå må man nesten være en naiv idealist for å bruke tid på dette.»

● «Det har aldri vært enkelt å få forskere til å skrive
● lærebøker på norsk. Men nå må man nesten være en naiv
idealist for å bruke tid på dette.»

Undersøkelsen blant de kursansvarlige ved de undersøkte institusjonene har også gitt flere interessante funn. Blant annet viser det seg at de aller fleste av dem på egen hånd avgjør hva slags pensumlitteratur studentene skal lese, og at det i liten grad blir gitt noen institusjonelle føringer. Det er med andre ord svært få retningslinjer for valg av pensumspråk, og valgene synes i stor grad å bli overlatt til de kursansvarlige. Til tross for få føringer har de fleste et bevisst forhold til språkvalgene de gjør, men premissene for valgene varierer mye.

Færre lærebøker på norsk

Det har foreløpig ikke skjedd noe fullstendig domenetap innenfor høyere utdanning eller noe annet domene i Norge, og mange vil nok mene at det heller ikke vil skje i nærmeste fremtid. Den norske pensumlitteraturen holder fremdeles stand (vel å merke i grunnutdanningen). Det som derimot er bekymringsfullt, og som på sikt kan få store konsekvenser for norsk fagspråk, er at

Det er nødvendig å sette i verk nye tiltak for å sikre en god norsk faglitteratur også i fremtiden. Engelsk fagspråk og pensumlitteratur er nødvendig i høyere utdanning i Norge, men det er minst like viktig å bevare og videreutvikle det norske fagspråket. Norsk er tross alt det språket nordmenn kan best og dermed lettest tilegner seg nye kunnskaper på. I tillegg skal ofte fagkunnskap videreformidles på norsk, og det kan bli utfordrende hvis fagpersoner kun har etablert et engelsk fagspråk. Ettersom høyere utdanning og forskning er et prestisjedomene, er det også grunn til å tro at et domenetap vil få innvirkninger på andre samfunnsområder. Slik sett har norske universiteter og høyskoler et særlig ansvar for å bevare det norske språket.

.....

Anders Bogen har mastergrad i nordisk språk og litteratur fra Universitetet i Oslo.

Terminologi i privat sektor

■ JAN HOEL

Hvordan foregår terminologiarbeidet i privat sektor i Norge? Det var et av spørsmålene Språkrådets terminologitjeneste ønsket å få svar på i en undersøkelse Synovate foretok i 2011. Språkrådet har god oversikt over miljøer som arbeider med terminologi i offentlig sektor og frittstående organisasjoner, mens næringslivet er mindre oversiktlig.

Et representativt, vilkårlig informantvalg var uaktuelt fordi det innebar en større undersøkelse enn planlagt. Behovet for å få en pekepinn om situasjonen var større enn behovet for statistisk pålitelige resultater. Resultatene her er altså ikke representative, men antas å vise en svak tendens.

Undersøkelsen og respondentene

Det ble definert 17 bransjer med navngitte virksomheter i hver. Det ble gjort intervju over telefon med 159 virksomheter. Alle bransjene var representert. De 17 bransjene var som følger, med antall virksomheter intervjuet i hver av dem i parentes: Advokatfirmaer (5), Bank og finans (9), Bil og motor (9), Data (6), Energi (15), Fiskeri og havbruk (8), Forlag (11), Industri (20), Legemidler (9), Næringsmidler (13), Oversettelsesbyråer (11), Sertifisering (8), Skipsfart (9), Tekniske tidsskrifter (7), Telekom (7), Transport, luft og land (8) og Verft (4).

Antall ansatte i virksomhetene varierte. For 61 % var antallet over 100, mens 9 % hadde fra 1 til 10 ansatte. Det

var også stor forskjell på bransjene. Blant oversettelsesbyråene hadde 9 av 11 inntil 20 ansatte, mens virksomhetene innenfor Bank og finans, Fiskeri og havbruk, Næringsmidler og Verft hadde over 100 ansatte.

Undersøkelsen hadde 21 spørsmål fordelt på tre deler: informasjon om virksomheten, virksomhetens arbeid med terminologi samt behov, ønsker og holdninger.

Før intervjuet ble det fortalt at Språkrådet ved terminologitjenesten var oppdrags giver. Det ble så forklart at *fagterminologi* skal forstås som 'uttrykk som særlig er i bruk i faglig sammenheng'. I spørsmålene ble det deretter brukt *fagterminologi* og *fagtermer*.

Resultater

Hele 18 % svarer at det i meget stor utstrekning arbeides systematisk med terminologi i deres virksomhet, mens det skjer i ganske stor grad hos 30 % og i liten grad hos 30 %. Bare 22 % (35 virksomheter) svarer at slikt arbeid ikke utføres hos dem. At det i 78 % av virksomhetene arbeides med terminologi,

er et oppløftende funn. Det er imidlertid store forskjeller mellom bransjene. Ikke overraskende er oversettelsesbransjen mest aktiv. Der arbeider alle virksomhetene systematisk på området, i meget stor grad (82 %) eller i ganske stor grad (18 %). Også Data og Bank og finans skårer høyt. Disse tre bransjene peker seg dermed ut som naturlige samarbeidsparter for terminologitjenesten. Tekniske tidsskrifter og Legemidler skårer noe lavere. Det er Næringsmidler og Skipsfart som rapporterer lavest aktivitet. Det er uventet, for man ville ha trodd at iallfall næringsmiddelsskaper var avhengige av entydig og konsekvent terminologi i markedsføring.

● «At det i 78 % av de intervjuede virksomhetene arbeides med terminologi, er et oppløftende funn.»

Av de 159 virksomhetene oppgir altså 124 at de arbeider systematisk med fagterminologi. Av dem oppgir 68 % at fagtermene samles inn enkeltvis ved behov, mens arbeidet skjer planmessig hos 32 %. Hos et solid flertall er altså terminologiarbeidet en relativt lavt prioritert aktivitet, mens det hos andre framstår som en mer sentral forutsetning for virksomheten. Det er særlig Advokatfirmaer, Oversettelsesbyråer og Industri som arbeider planmessig og framstår som naturlige samarbeidsparter for terminologitjenesten.

På spørsmål om det blir utviklet ny fagterminologi i virksomheten, svarer 58 % bekreftende, 36 % benektende og 6 % at de ikke vet. Det er bare Forlag som svarer benektende i større grad enn gjennomsnittet.

Respondentene ble også bedt om å svare på hvordan fagtermer blir regist-

rert hos dem. De fleste benytter en database (35 %) eller tekstfiler (32 %). Noen få bruker regneark (3 %) eller særskilte termregistreringsverktøyer (2 %). Hos 23 % blir det ikke registrert termer, og det er da vanskelig å forstå hvordan de kan mene at de arbeider systematisk på området. Svaret gir en påminnelse om at resultatene er basert på et lite utvalg og må omgås med forsiktighet. Det er uventet at så få bruker særskilte termregistreringsverktøyer. Trolig er det fortrinnsvis oversettelsesbyråer som gjør det.

Flertallet (87 %) oppgir at terminologiarbeidet skjer spredt hos dem, mens det skjer i en særskilt enhet hos 10 %.

Hos 3 % skjer arbeidet hos én person. At arbeidet for det meste skjer spredt, samsvarer med at alle bransjer oppgir at det inngår ulike typer fagkompetanse i arbeidet, selv om teknisk kompetanse dominerer. Dette harmonerer igjen med at 80 % oppgir at det samarbeides om terminologi på tvers av interne avdelingsgrenser.

Ikke uventet utføres terminologiarbeidet oftest i sammenheng med teknisk dokumentasjon (80 %), oversettelse (69 %), standardisering (66 %), kontrakter (64 %), markedsføring (63 %) og informasjonsgjenfinning (50 %). Mot forventning skårer statistikk lavest, bare 39 %.

Terminologiarbeidet skjer særlig i kontakt med eksterne oversettere (50 %), eksterne konsulenter (48 %), andre virksomheter i samme bransje (46 %) og eksterne oppdragsgivere

(38 %). Igjen er oversettelse godt representert. Trolig dreier det seg om kontakt mellom virksomheter og oversettere de gir oppdrag. Men også oversettelsesbyråenes oppdragstakere, frilanserne, skimtes nok bak tallene.

I 80 % av virksomhetene oppgis norsk som internt arbeidsspråk, mot 19 % engelsk og 1 % annet. Tallene bekrefter den uheldige utviklingen mot engelsk arbeidsspråk i norsk arbeidsliv, men det må tas i betraktning at noen av selskapene kan ha et overveiende engelskspråklig marked.

På spørsmålet om hvilke språk det arbeides med fagterminologi på, svarer 90 % bokmål, 80 % engelsk, 17 % tysk og 16 % nynorsk. Spansk, fransk, russisk, dansk og svensk skårer alle under 10 %. Resultatene bekrefter at engelsk er det dominerende fremmedspråket i Norge, og at bokmål er atskillig mer brukt enn nynorsk.

Behov, ønsker og holdninger

I undersøkelsens tredje del ble det spurt etter behov, ønsker og holdninger på området. Bare 6 % var meget interessert i å delta på kurs i terminologiarbeid, 15 % var ganske interessert, mens 43 % ikke var interessert. Derimot var 49 % meget eller ganske interessert i å ha fri tilgang til termdatabaser på Internett, og 48 % kunne tenke seg å bidra med egen terminologi til slike i meget eller ganske stor grad. Hvorfor er interessen for kurs så laber når ønskene og bidragsviljen er betydelige? Årsaken kan være at man i næringslivet av økonomiske eller andre grunner ikke vurderer terminologi som viktig nok for kursing av ansatte. Det harmonerer i så fall med svarene på om virksomhetene syns det ville være interessant å delta i et terminologisk nettverk; bare 7 % svarer me-

get interessant, 16 % ganske interessant.

Resultatene bød ikke på store overraskelser, annet enn at så mange som 48 % av virksomhetene oppga at de arbeider systematisk med terminologi i meget eller ganske stor grad, og at den samme andelen kunne tenke seg å bidra med egen terminologi til felles ressurser.

Til slutt svarer 61 % at det er viktig at det blir utviklet norsk fagterminologi, og 38 % at vi greier oss med fagterminologi på engelsk eller andre fremmedspråk. Fordelingen er overraskende i lys av de øvrige resultatene, især når 80 % oppgir norsk som arbeidsspråk. Rett nok er det store virksomheter med over 100 ansatte og internasjonalt rettet aktivitet som i størst grad mener de greier seg med engelsk fagterminologi. Fordelingen er illevarslende om den er representativ, men det kan vi altså ikke gå ut fra. Uansett innebærer svarfordelingen at Språkrådet og terminologitjenesten står overfor en utfordring med hensyn til næringslivets holdning til nytten av norsk språk.

Les den fulle rapporten fra undersøkelsen på Språkrådets nettsider.

.....

Jan Hoel er seniorrådgiver i Språkrådet og koordinator for Språkrådets terminologitjeneste. Han er Norges representant i den nordiske terminologisammenslutningen Nordterm og for tiden president i Den europeiske terminologiforening (EAFT).

Kvifor ikkje berre bruke engelsk?

■ TRUDE BUKVE

Studentar i Noreg lyt tilpassa seg internasjonaliseringa av den høgare utdanninga. Engelsk vert brukt som lingua franca, og pensum og faguttrykk er ofte på engelsk. Men kvifor ikkje velja *kredittskvis* framfor *credit crunch* og *hedgefond* i staden for *hedge fund* når ein skriv om finanskrisa?

Bruken av engelsk i forskning og akademia har vore eit gjennomgangstema i masteroppgåva mi, og med ei haldningsundersøking vona eg å finna ut kva økonomistudentar sjølve tykkjer om bruken av engelsk i ei elles norsk undervisning. Særleg ville eg undersøka om studentane reflekterer over og er medvitne om inntaket av engelsk terminologi i norsk fagspråk, og kva positiv eller negativ verknad dette kan ha på læringseffekten og norsk som samfunnsberande språk.

Det var 117 studentar med på undersøkinga, som synta at deltakarane var svært språkbevisste. Dei fleste studentane var samde i at det er viktig å utvikla det norske fagspråket, og at eit

og når dei fekk valet mellom norske og engelske faguttrykk, vann ofte engelsk over norsk.

Haldningar til engelsk

Fyrst i undersøkinga vart studentane spurde om dei meinte at det vart nytta for mange engelske termar i undervisninga. Av dei 117 respondentane var 77 anten heilt ueinige eller nokså ueinige i denne påstanden. Fleirtalet av studentane (53 prosent) var også einige i at dei norske termene som vart nytta, var gode, medan 62 prosent var einige i at det er viktig å utvikla norske termar.

Når det gjeld læringseffekt, har tidlegare forskning peikt på at morsmålet er det beste språket å læra på. Dette mein-

- «Fleirtalet meinte at engelske termar ofte er meir presise enn dei norske, og når dei fekk valet mellom norske og engelske faguttrykk, vann ofte engelsk over norsk.»

godt norsk fagspråk gjer det lettare å kommunisera forskning til ålmenta. Likevel meinte fleirtalet at engelske termar ofte er meir presise enn dei norske,

te også fleirtalet av studentane. Medan 62 prosent svara at norsk gav best læringseffekt, meinte 15 prosent at engelsk var mest effektivt. Derimot hevda

18 prosent at det ikkje var nokon skilnad mellom dei to språka.

Ein av studentane uttrykte seg slik: «Synes det vanskeliggjør å lese pensum på engelsk. Får ikke tak i innholdet på samme måte.» Men det var også studantar som var ueinige i dette: «Engelsk terminologi er bedre å bruke. Mer presist!»

Den siste påstanden stammar frå eit intervju med ein professor i studentavisa K7 Bulletin. Her vart det understreka at det er betre å nytta engelsk terminologi fordi den er meir presis og kjend enn den norske, og at ein difor ikkje alltid har gode norske alternativ. Det viste seg at heile 60 prosent av studentane var einige i dette.

Hedgefond som høgrisikoprodukt

Den same haldninga syntse seg også når studentane vurderte norske omsettingar

av engelske termar. Eit fleirtal meinte at termen *kredittskvis* var ei dårleg omsetting av det engelske *credit crunch*. Heller ikkje den norske termen *høgrisikoprodukt* let studentane passere, og størsteparten av dei meinte at den engelske ekvivalenten *contract for difference (CFD)* var betre. Av dei norske termene var det hybridtermen *hedgefond* studentane likte best. Heile 76 studantar meinte at termen var ei god eller grei nok omsetting av den engelske ekvivalenten *hedge fund*. Av dei norske termene som vart presenterte for studentane, var det altså den minst norske dei likte best.

Men når det var tale om formidlinga av økonomifaget til ålmenta, var fleirtalet av studentane samde i at norsk var det beste språket å gjera det på. Av dei spurde meinte 68 % at det var viktig, medan 14 prosent var ueinige.



Skilnader mellom grupper

Tidlegare forskning, mellom anna frå Tore Kristiansen og Lars S. Vikør (*Nordiske språkhaldningar* 2006), tyder på at menn kan vera noko meir positive til engelsk, medan kvinner har meir puristiske tendensar. Også i undersøkinga mi syntet seg nokre skilnader mellom gruppene. Kvinner var i det store og heile meir positive til norsk i reint normative spørsmål. Derimot var det ikkje signifikante skilnader mellom kjønna i meir deskriptive spørsmål, som til dømes at engelske termar er meir presise enn norske termar, og at norsk gjer det lettare å formidla forskning til folk flest.

Studentar som har studert lenger enn eit halvt år, var meir positive til bruken av engelsk enn dei som hadde studert under eit halvt år. Ei mogleg forklaring på det kan ein finna i sosiolingvistiske teoriar som seier at ein kan sosialisera inn i ulike haldningar. Om ein møter negative haldningar til bruken av norsk i akademia, kan det verka inn på studenthaldningane. Det er viktig at ein som formidlar er klar over det, og at ein gjer medvitne språkval. Det gjeld anten ein brukar norsk eller engelsk som fagspråk.

Frå haldning til handling

Det er viktig å kartleggja haldningane til studentane dersom ein ynskjer å kasta lys over fagspråksituasjonen slik han er i dag. Studentane står på terskelen til arbeidslivet, og haldningane ein møter i studietida, kan hengja ved vidare i livet.

Etter mi meining er det viktig å syna at termene er ein del av språket, og ikkje berre nemningar på ulike omgrep, isolert frå annan språkbruk. I masteroppgåva nytta eg eit utval termar henta frå norske aviser og samanlikna dei med

termar eg har funne i ordlister og lærebøker. Inntrykket eg sit att med, er at det ofte er lite samsvar mellom bruken i dei ulike kjeldene. Medan ein i norske aviser ofte nyttar *kredittskvis*, nyttar ein i somme ordbøker termen *kredittmangel*. Og ikkje nok med det, i den norske læreboka eg gjennomgjekk, nytta ein ingen av dei norske omsettingane, men *credit crunch*. Det er altså av og til lite systematikk, og ofte kan eitt omgrep ha fleire norske faguttrykk.

For å vidareutvikla den norske terminologien og gjera han meir kjend for brukarane kan ei av løysingane vera å ta i bruk resultat frå sosiolingvistisk forskning. Slik kan ein få viktig kunnskap om kva utfordringar ein står overfor når ein vil gjera norsk terminologi lettare tilgjengeleg for studentar så vel som for ikkje-spesialistar. Når ein kjenner til haldningar som går ut på at norsk fagspråk ikkje er presist nok, kan ein arbeida for å syna brukarane at eit norsk fagspråk er like presist og godt som dei engelske faguttrykka. Ein lyt syna brukarane verdien av eit godt norsk fagspråk. God formidling skal skje på tilhøyraren sine premisser.

Språket er eit mektig verkty som bør nyttast for å inkludera menneske slik at dei kan delta i samfunnsdebatten, ikkje for å ekskludera dei utan spesialkunnskapar på området. Som ein av studentane påpeikte i undersøkinga: «Det er viktig med fagspråk på eige språk.»

.....

Trude Bukve har mastergrad i lingvistikk frå Universitetet i Bergen.

Norsk Ordbok er ute med band 10

Band 10 av *Norsk Ordbok 2014* er komme med *smått* og *stort* om mellom anna *sol*, *snø*, *skog*, *skule* og *stein*. Heile bandet er vigd til bokstaven *s*, som dekkjer den største alfabetbolken i norsk ordtilfang.

Konjunksjonen *som* er inne på lista over dei ti mest omfangsrrike artiklane i bandet. Sju av dei ti største artiklane i band 10 handlar om verb: *slå*, *skyta*, *spela*, *stikka*, *spørja*, *sleppa*, *slita*, *skriva*. Adjektivet *stor* og substantivet *stein* ligg òg i dette toppsjiktet.

Samansetningane utgjer nesten 63 prosent av artikkelmengda i bandet.

Historisk disputas


Som den første døve i Norge forsvarte sosialantropolog Hilde Haualand nylig sin doktoravhandling ved Universitetet i Oslo.

I avhandlingen sammenligner hun Norges, Sveriges og USAs organisering av en teletjeneste som oversetter fra tegnspråk til tale og fra tale til tegnspråk, slik at en døv og en hørende kan snakke sammen i telefonen. Den døve snakker tegnspråk foran en bildetelefon, mens en ekstern tolk oversetter til talespråk for den hørende, og omvendt.

– Mens tjenesten i USA er definert som en teletjeneste og de døve som forbrukere med klare rettigheter, er det i Norge mer fokus på tolkedelen enn på likeverdig tilgang til teletjenester. Ansvaret ligger hos Nav, noe som stadfester døve som en gruppe som er

dei får likevel ofte kortare artiklar enn grunnorda. Lange rekkjer med samansetningar finn me mellom dei med førsteledd *stein-* og dei med førsteledd *sol-*, for ikkje å nemna samansetningar med førsteledd *stor-*.

Den 15. mars 2012 lanserte *Norsk Ordbok* ei nettutgåve som inneheld den delen av ordboksverket som er redigert fullelektronisk (frå og med alfabetbokstaven *i* og utetter). Nettutgåva er tilgjengeleg her: www.no2014.uio.no.



utenfor og må «inkluderes» av samfunnet, sier Haualand.

For språksituasjonen i Norge er doktorgraden viktig på mange måter: Det er første gang norsk tegnspråk er brukt i forsvar av en doktoravhandling. Sammen med teamet av tegnspråktolker som har fulgt Haualands arbeid, har hun utviklet det relevante fagspråket og bidratt til å utvikle norsk tegnspråk som akademisk språk. Analysene i avhandlingen gir nyttige innspill til å forstå særtrekk ved utviklingen av bildetelefontjenester i Norge og kan dermed bidra til den videre utviklingen av slike tjenester, til beste for bruken av norsk tegnspråk i samfunnet.

Fargerikt fagspråk

■ OLE VÅGE

Fagspråk er ikkje nødvendigvis tørt, kjedeleg og fantasilaust. Om vi går fagspråklege tekstar etter i saumane, ser vi at dei ofte er prega av spenstig retorikk, underholdande anekdotar og språklege bilete. Dette gjeld ikkje minst om vi går på oppdagingsferd i nye fagfelt som til dømes genteknologi og nanoteknologi.

På dei nye fagområda finst det eit vell av metaforar, det vil seie ord og uttrykk som er overførte frå ei bokstaveleg og konkret tyding til eit nytt fagfelt, der dei får nye, biletlege tydingar. Metaforar er altså ikkje noko som avgrensar seg til det daglege allmennspråket, men er i høgste grad til stades i fagspråket.

Spleising og kveiling

Genteknologi er eit relativt nytt fagfelt, der det blir nytta ei rekkje teknikkar for å endre DNA-molekyla hos levande organismar (sjå figur 1). DNA-molekyla er stoffet som arvematerialet, genane, er bygde opp av. Dei fleste av oss har høyrte uttrykket *genspleising*, det vil seie

skøyte saman to tauendar. Denne førehandskunnskapen gjer det lettare å førestelle seg korleis samanføyinga skjer i genteknologi. Fagfolk snakkar også ofte om *DNA-trådar*. Desse trådane vert kveila saman i form av ein spiral. På fagspråket talar ein gjerne om *oppkveiling* og *avkveiling* i samband med celledeling. På den måten vert den konkrete erfaringa frå tauverk nytta i fleire samanhengar for lettare å fatte det innfløkte og mikroskopiske i genteknologien. Vi grip det ukjende med det kjende.

Det er interessant at *genspleising* på norsk eigentleg er ei feilomsetjing frå engelsk. Terminologar har peikt på at det engelske *gene splicing* opphavleg

- «Metaforar gjer språket vårt meir variert og rikare og er verkty for å lære og forstå omgrep frå innfløkte fagfelt.»

samanføyning av DNA-molekyl frå ulike organismar til eit nytt DNA-molekyl for å overføre visse arveanlegg. Vi kjenner alle til at å *spleise* tyder å flette eller

kjem frå filmklippeteknikk, der *splicing* vert nytta i tydinga 'samanskøyting av filmklipp', og ikkje 'spleising av tau'. Denne snodige, men forståelege språk-


lege forskuinga har ikkje berre skjedd på norsk, men også til dømes på fransk, der vitskapsfolk i genteknologi nyttar metaforen *épissure* ('spleising av tau'), medan det rette burde vere *montage* ('samanskøyting av film'). Med andre ord har genforskarane opphavleg sett for seg DNA-materialet som ein slags filmsekvens.

Transkripsjon og translasjon

Fagfolk seier gjerne at DNA-trådane inneheld *kodar*, det vil seie ulike samstillingar av bokstavane A, G, C og T, som representerer dei kjemiske byggesteinane i stoffet. Eit mål i genteknologien er å danne protein. For å klare det må kodane på DNA-molekylet avlesast og overførast til eit såkalla RNA-molekyl, ein slags kopi av DNA-molekylet. Denne prosessen kallar ein for *transkripsjon*. Metaforen er opphavleg henta frå arbeidet med å transkribere bokstavar frå eit alfabet til eit anna, til dømes frå det kyrilliske til det latinske alfabetet.

Når desse bokstavane er ferdig transkriberte i molekylet, er det neste steget å gjera dei forstålege for proteinet. Dette steget kallar ein *translasjon* i genteknologifaget. Ordet *translasjon* kjem frå latin og tyder 'omsetjing'. Vi snakkar då om ei slags overføring av informasjon mellom ulike språk i kroppen vår.

Slike metaforar er med på å skape eit bilete av arvematerialet som eit slags kokebokbibliotek. Her finn vi bøker på ulike språk som gjev oss oppskrifter på livskoden. Vi kan såleis lese genspråket for å få tilgang til informasjonen som ligg lagra i arvematerialet. Men ved å nytte metaforar med ulikt opphav er ikkje desse bileta eintydige. Bruken av tau- og trådmetaforar gjer at kunnskapen om genar ikkje nødvendigvis kan



Figur 1: utsnitt av DNA-molekyl
Kjelde: Bjørn Nordheim
(<http://ndla.no/nb/node/5902>)

plasserast mellom to permar, men langs ein tråd som kan flettast saman med andre. Vi har òg sett at metaforen *genspleising* opphavleg kom frå filmverda og hadde med samanskøyting av filmklipp å gjere. På dette viset kan vi også førestelle oss genmaterialet som ei rekkje scener i ein film. Arvematerialet vårt kan ein på den måten ikkje berre forstå som eit bibliotek, men også som eit multimediatek.

To typar metaforar


Kvifor nyttar forskarane metaforar? Er det for å krydre fagspråket og gjere det meir spennande? Her kan det vere nyttig å skilje mellom to ulike typar metaforar, didaktiske og konstitutive. Didaktiske metaforar vert nytta når ein skal forklare fagomgrep for andre enn fagekspertar, gjerne i populærvitskaplege bøker eller i lærebøker for elevar og studentar. Didaktiske metaforar forenkler langt på veg læringsprosessen. Ved å nytte språklege bilete frå allereie kjende felt vert det lettare å forstå og lære nye omgrep. Til dømes er *arvemateriale*

ein metafor som ofte vert nytta i tekstar til ålmenta. Fagfolk snakkar heller om *genar*.

På den andre sida kan metaforar gjenspegle den fundamentale tenkjema-ten hos forskarar. Dei forstår fagfeltet sitt gjennom metaforar som er såkalla konstitutive, det vil seie ein type grunnmetaforar. Denne typen er ikkje berre hjelpemiddel i læringa, men òg grunnleggjande byggjesteinar på fagfeltet. Metaforane *transkripsjon* og *translasjon* er konstitutive metaforar fordi dei gjenspeglar korleis fagfolk faktisk forstår prosessane.

Nanoteknologiske strukturar

Metaforar finn vi på alle fagfelt, kanskje særleg i dei nye vitenskapane. I nanoteknologi snakkar ein gjerne om *corralar*.



Figur 2: fire etappar i danninga av corralar oppbygde av einskildatom
Kjelde: <http://mrsec.wisc.edu/Edetc/background/STM>

Ordet *corral* kjem frå spansk og tyder 'innhegning', og då helst av dyr. Vi kjenner kanskje att ordet frå amerikanske westernfilmar, der nybyggjarane danna eit lukka forsvarsverk av hestevogner og kalla det for *corral*. Når ein i nanoteknologi set saman atom i kompliserte strukturar, nyttar ein metaforen *corral* (sjå figur 2).

Ofte seier ein at metaforar byggjer på det konkrete og kjende for å gripe det nye, abstrakte og innfløkte. Ein tek altså med seg nokre eigenskapar frå opphavsomgrepet som så vert overførde til det nye omgrepet, metaforen. *Corral* er eit døme på det. Her er det den kjende geometriske figuren som vert overført. Samstundes kan metaforen vere problematisk i norsk fagspråk. Sjølv om *corral* er eit kjent ord i den engelskspråklege verda, og dimed har store føremoner som metafor, er det ikkje sikkert at nordmenn kjenner ordet. I det heile bør ein vere varsam med å nytte framandspråklege metaforar på norsk. Det kan hende at dei byggjer på ein kulturell bakgrunn som er ukjend for oss. Dette gjeld til dømes metaforen *boot*, kortforma av *bootstrap*, som mellom anna vert nytta i IT-bransjen om oppstart av datamaskinen eller primærlastar av dataprogram. Metaforen er henta frå engelskspråkleg litteratur, der han tyder (det umoglege) 'å løfte seg sjølv opp med hjelp av støvelstroppar'. Sjølv om det engelske uttrykket ofte er i bruk på norsk, er det nok mange som ikkje kjenner til den metaforiske tydinga.

Metaforar er såleis ikkje berre med på å gjere språket vårt meir variert og rikare. Dei kan også vere verktøy for å lære og forstå omgrep frå innfløkte fagfelt. Om fagfolk eller fagformidlarar nyttar metaforar med omhug, kan kunnskap verte lettare tilgjengeleg ikkje berre for fagfolk, men også for alle oss andre.

.....
Ole Våge er rådgjevar i terminologi-tenesta i Språkrådet.

OM SPRÅKRÅDET

Språkrådet er statens fagorgan i språkspørsmål og er underlagt Kulturdepartementet. Målet for arbeidet i Språkrådet er at norsk skal vere i bruk i alle delar av samfunnslivet også i framtida – og ikkje bli sett til sides av engelsk. Vi vil gi det offentlege, næringslivet og folk flest tru på at norsk språk duger, og arbeider for å auke kunnskapen om norsk språk.

Dette gjer Språkrådet for å styrkje stillinga til det norske språket:

- Vi informerer på nettsidene og i publikasjonane våre om god og rett norsk.
- Vi svarer på om lag 10 000 språkspørsmål på e-post og telefon i året.
- Vi arrangerer konferansen Språkdagen kvart år for å skape debatt om aktuelle utfordringar for norsk språk.
- Vi har ei språkteneste for statsorgan som gir råd til stats-tilsette om korleis dei kan skrive klart og godt og få ei jamnare fordeling av bokmål og nynorsk.
- Vi har ei terminologiteneste som samordnar utvikling og tilgjengeleggjering av norsk terminologi og fremjar bruken av norsk fagspråk.
- Vi har ei tilsynsteneste som følgjer med på om statsorgana følgjer krava til fordeling av bokmål og nynorsk.
- Vi informerer om norsk teiknspråk og samarbeider med aktørar på feltet.
- Vi har ei stadnamnteneste som gir råd om korleis stadnamn skal skrivast på kart og vegskilt.
- Vi arbeider for at IKT-produkt skal byggje på norsk tekst og tale, og samordnar ei datatermgruppe som foreslår nye, norske dataord.
- Vi deler ut Språkprisen for framifrå bruk av bokmål og nynorsk i sakprosa.
- Vi gir diplom til næringsdrivande som har gitt verksemda eit godt, kreativt norsk namn.
- Vi samarbeider med offentlege og private institusjonar om tiltak som styrker bruken av norsk.
- Vi godkjenner ordbøker og ordlister til bruk i skulen.
- Vi forvaltar rettskrivinga i nynorsk og bokmål og følgjer med på korleis språket utviklar seg.

Direktøren i Språkrådet er leiar for 33 tilsette. Styret i Språkrådet er utnemnt av kulturministeren. Språkrådet har fire fagråd som er referansegrupper med språkkunne og språkengasjerte personar frå heile samfunnet. Fagråda gir innspel og råd om saker på sine fagfelt.

www.sprakradet.no
www.spraakradet.no

SPRÅKRÅDET
Postboks 8107 Dep
0032 OSLO

TELEFON: 22 54 19 50
TELEFAKS: 22 54 19 51

ANSVARLEG REDAKTØR:
Arnfinn Muruvik Vonen

INFORMASJONSSJEF:
Svein Arne Orvik

REDAKTØRAR:
Erlend Lønnum
erlend.lonnum@sprakradet.no

Åsta Norheim
asta.norheim@sprakradet.no

ABONNEMENT OG
ADRESSEENDRING:
bestilling@sprakradet.no

Signerte artiklar frå
eksterne skribentar står
for forfattaren sitt syn.

Ettertrykk tillate når kjelda er
oppgitt.

OPPLAG: 12 500
Tekstene i dette nummeret
finst òg på Internett:
www.sprakradet.no
www.spraakradet.no

Fire nummer i året
Redaksjonen avslutta
24.08.2012


LAYOUT: Marit Heggenhougen
www.cmykdesign.no
TRYKK: Zoom Grafisk

ISSN 0333-3825

OMSLAGSBILETE:
Foto: Ilja Hendel / Scanpix

B

NORGE/NØREG



HISTORIA BAK

SCHLÜSSELBURG

Magnus Eriksson, som var konge i både Noreg og Sverige, tok i 1348 ei borg på ei øy i den russiske elva Neva og gav ho namnet *Nöteborg*. Svensk har både en *nöt*, som tyder 'ei nøtt', og *ett nöt*, som tyder 'eit naut', altså 'fe'. Av det svenske namnet *Nöteborg* kan ein ikkje sjå om *nöt* her tyder 'nøtt' eller 'naut'. Men sidan det russiske namnet på staden er *Orekhovo* og *orekh* tyder 'nøtt', er det nok *nøtt* vi har her.

Peter den store erobra borga i 1702 og gav ho det tyske namnet *Schlüsselburg*. *Schlüssel* er tysk og tyder 'nøkkel', så ein kan omsetja *Schlüsselburg* med *Nøkleborg*. For tsaren skulle Schlüsselburg tena som nøkkelen til Europa, for på den tida hadde Russland ikkje tilgang til Finskebukta.

Nøklar høyrer saman med låsar. Også i russisk er det slik. Eit ord som russarane skriv *zamok* (замок), tyder 'lås' når trykket ligg på den siste stavinga (*zamók*), og 'borg' når det ligg på den fyrste (*zámok*). Det samsvarande verbet heiter *zamykátj* og tyder 'stengja', 'lukka'.

Det tyske ordet *Schloss* tyder både 'lås' og 'slott', og 'ein slutt' heiter *ein Schluss*. Det samsvarande verbet *schliessen* tyder 'å låsa', 'å slutta'. Vårt ord *slott* kjem frå nedertysk.

Svein Nestor, cand.philol.

RETURADRESSE:
Språkrådet
Postboks 8107 Dep
0032 OSLO

ISSN 0333-3825